

Bergen, 29.06.20

Vår ref: 2020/416  
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref: 20/2407-3

Karmøy kommune

## Karmøy – kommuneplanen sin samfunnsdel

Viser til brev av 30.04.20 frå Karmøy kommune om ovannemnde sak.

Det er viktig at ein i kommuneplanen sin samfunnsdel legg tilhøva til rette for fiskerinæringa i kommunen. Dette kan ein gjere ved å mellom anna sikre god infrastruktur, avfallshandtering og verne fiskeområde mot arealkonflikt og forureining.

Det er viktig med langsiktig og heilheitleg forvaltning av sjøareala. Ein må unngå arealkonflikt i sjø og negativ innverknad på det marine miljø. Her må ein eksempelvis vurdere kva eit større område toler av blant anna akvakultur og anna utslepp til sjø. Dette gjeld òg på tvers av kommunegrenser. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat.

Med helsing  
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø  
Dagleg leiar

Eirin Kongestøl Espeland  
Rådgjever

Kopi: Karmøy Fiskarlag  
Fiskeridirektoratet region Sør  
Fylkesmannen i Rogaland